

## **Referat frå møte i FAU 12.03.25**

*Stad og tid:* Personalrom ungdomsskulen onsdag 12.03.25 kl.20:00

*Deltakerar:* Annette Dale Natås (rektor), Camilla Klakegg, Iselin Sunde, Solfrid Trå, Hilde Losnegard, Thomas Heggelund, Marte Hundvæbakke og Jakob Andre Sandal.

*Referent:* Hilde Losnegard

### **Saker:**

#### **1. Status i sak om skulestruktur:**

Solfrid, Jakob Andre og Marte har vore i politiske gruppemøter og fremja saka vår og ønske om å bevare Skei skule. Dei har vore hos Arbeiderpartiet, Venstre, Høgre, Senterpartiet og Miljøpartiet De Grønne.

Administrasjonen hadde i dag orientering om skulesaka i utval for oppvekst og kultur. Kommunedirektøren held på tilråding om å legge ned Skei ungdomsskule og flytte ungdomssteget til Vassenden.

I saksframlegget kjem det fram fleire feil og mangler. Mellom anna:

- Reisetid frå Fonn til Vassenden er skissert til 75 minutt. Samstundes sa administrasjonen at det var høg risiko for at reisetid blir lengre. Det er lite truleg at Fylkeskommunen klarer å få til skuleskyss for elevane i Skei skulekrins under tilrådd makstid på 75 minutt.
- Forsvarlighetsvurdering av reisetid utarbeida av sakkunnige mangler (Rundskriv om skyss, Utdanningsdirektoratet).
- Rasfare er ikkje nevnt i framlegg frå kommunen. Rasfare i Skjersura på E39 er nyleg oppjustert frå 3,8 til 4.2. Det gjer at strekninga og dermed skulevegen, ligg i kategorien høg skredfare.
- I framlegg til kommunen kjem det fram at ungdomsskulebygget på Skei har trong for renovering. Det stemmer at deler av bygget på ungdomsskulen treng noko oppgradering, men renoveringskostnadane er ikkje så store at nedlegging vil føre til særleg innsparing. FAU vil prøve å hente inn informasjon om kor store kostnadane for renovering vil vere.
- Klsamanfatning av høyringsinnspele får ikkje fram dei ulike nyansane i argument frå innspela.
- Skei skule har personale med høg fagkompetanse. Skulen har ikkje vanskar med med rekruttering eller fagkompetanse. Det er såleis ikkje trong for samanslåing med Vassenden for å møte kompetansekrav i skulen.

FAU meiner at politikarane heller bør vurdere å slå saman barne- og ungdomssteget på Vassenden. Kommunen vil spare 2.5 millionar meir ved å velje det alternativet. Vi

meiner at politikerane bør velje det alternativet som har minst mogleg negative konsekvensar for elevar og lokalsamfunn.

Plan framover i FAU: Skulesaka skal endeleg handsamast i kommunestyret 27.03.25. Vi vil halde fram arbeidet med å fremje bevaring av Skei ungdomsskule og synleggjere våre argument til politikarane.

2. **Den økonomiske situasjonen (rammer og driftsbudsjett):** Vi utset denne saka til neste møte 09.04.25.
3. **Invitasjon frå Regiononalt kunnskapssenter for barn og unge (RKBU Vest) til å delta på nettverkssamling for «Rusarbeid i skulen» på Skei 27.03.25:** FAU er invitert til å seie noko om kva foreldre er opptekne av i samband med rusførebyggande arbeid og skule-foreldresamarbeid. Vi melder tilbake at FAU dessverre ikkje har høve til å vere med på denne samlinga grunna kort varsel og pågåande arbeid med skulestruktursaka.